Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 — Fylke: Möre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Tresfjord

Emne: Brynet — Bygdelag: — " —

Oppskr. av: Hans Skeidsvoll — Gard: Skeidsvoll

(adresse): Tresfjord — G.nr. 16 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sp. 1. Bryne (eit) = grov steinart.
Hein (ein) = fin steinarts.
Me "kvata" ljåen med brynet, men "heina" andre betjarn med hein.

Sp. 2. Bryne av kunststein vert meir og meir i bruk - noko av di dei er hantlegare å bruke og kanskje meir avdi dei er betre å finne i i dei finleikar ein ynskjer.
Her er ikkje stein som egner seg til bryne eller hein.
For ei 70-80 år sidan og för var her i handelen ein sort bryne som me kalla "landsbryne". Dei var grovt tilhogde og tungföre i bruk til å byrja med. So kom her ein sort flate bryne av mjukare stein, likna noko på sjeferstein og denne sorten kalla me "bergensbryne".

Sp. 3. Me her altid slipa fyrst og "kvata" eller "heina" etterpå. Alle eggjarn må vera "hulslipa" skal dei bite godt. Sjå barberkniven! Han heller bit ikkje i lengdi når han berre vert "heina".

Sp. 4. Eg er 79 år og tok tile til å slå ilag med gamle folk, men höyrde aldri snakk om tynsleljå her.

Sp. 5. Her ikkje kjendskap til at slik flat slipestein er funnen her.
Slipesteinen var anten oppmontert i tunet – eller der dei ha kvennhus (og det var mest på alle gardar) vart han driven av vatnet i kvennatro'n med ein dertil laga „kall" som var laga slik at spjella tok ned i vatnet.

Sp. 6. Det kjem so mykje an på kva mark ein slær på, om ljåen her lett for å verta sjemd, om det er dogg i graset, om ein her godt bryne og framfor alt om ein her krass, god ljå; men vil ein live på si eigi kraft gjer ein i alle tilfelle rettaste i å slipa ljåen ei par gonger om dag – og slipa fint!

Sp. 7. Ukjendt her.

Sp. 8. Ljå i „langorv" slær me altid or orvet når me slipar – og snur eggi mot oss. „Stuttorv"-ljåen er altid i skaftet.

Sp. 9. Ikkje annan forskjell en at stuttorvet må ein halda millom knerne avdi det ikkje rökk ned til marki.

Sp. 10. Brynstokk (ein) var helst laga av tre – og vatstett. Seinare ofta av jarnplate o. a. Mange var utan.–

Sp. 11. Nei ikkje det eg veit.

Sp. 12. Brynstokken hekk bak og var festa på beltet på ymse vis.

Sp. 13. Vatn eller sputt må ein ha på brynet vess graset er dogglaust slik at ljåen er turr. Olje höver berre på grove smergelbryner når ein synest dei „riv" for mykje.

Sp. 14. Ja, me kallar det „bryngår" – og like eins „slipsteingår".

Sp. 15. Bryngår som lækjeråd her eg ikkje höyrt om.

Sp. 16. Ukjendt.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Sp. 17. Landsbryna" var oftaste svert harde, so me "laût gnûra dei på ei steinhelle og rive dei app" noko av og til, då vart dei betre med det varte. Men og hûksar og at han far grov dei ned i ei myr om hausten og der låg dei til slåttonni. Då vart dei mykje mjûkare og "drog" betre ljåen.

No her me fleire sortar smergelbryne – grovare og finare endåtil i same brynet! –

Sp. 18. Her ikkje høyrt noko herme etter "kvæting"; men det kann godt ha vore aperi her og.

Kvinnfolki slo ikkje her – berre raka.

Sp. 19. Veit ikkje noko herme – utan det skulde vera "tvi!" –

Sp. 20. Nei.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
207